

# Etiske retningsliner

## Grunnlagsinformasjon:

I vårt daglege arbeid opplever vi stadig situasjonar der vi må ta vanskelege val, og det er ikkje alltid sjølvstykta som er rett. I Telemark Lys har vi eit verdigrunnlag som seier mykje om korleis vi vil møte kvarandre og omverda, og med forankring i desse kjerneverdiane har vi utarbeidd eit sett av etiske retningsliner som skal hjelpe oss i dei konkrete valsituasjonane vi støyter på. I tillegg til å hjelpe den einkilde med å ta dei rette vala og gjere dei rette handlingane, vil desse retningslinene også sikre at heile personalet gjer val og handlar etter same rettesnora.

Vi er ei offentleg eigd bedrift som mottek offentlege tilskotsmidlar, vi samarbeider aktivt med både offentlege etatar og privat næringsliv og med mange forskjellige menneske i ulike livssituasjonar. Derfor kviler det eit ekstra ansvar på bedrifta for å syne moderasjon, integritet og vurderingsevne. Ved hjelp av dei etiske retningslinene våre vil vi kunne utvise rett etisk skjøn, og dermed vere i stand til å bere dette ansvaret på ein god måte.

## Retningsliner:

### **All personinformasjon er konfidensiell.**

Berre i tilfelle der det er naudsynt for ein person eller ei sak, kan vi dele opplysningar internt. Observasjonar som er relevante for ei sak, bør formidlast til den som har ansvar for saka, uansett kven av oss som har gjort observasjonen.

### **Alle har rett til å setje fram ei klage.**

Telemark Lys AS skal arbeide for at ei kvar klage skal løysast på lågast mogleg nivå.

### **Alle som vender seg til Telemark Lys AS skal bli møtt av dei tilsette på ein venleg og respektfull måte.**

Dei tilsette skal arbeide for å kunne gje rette svar med ein gong, eller oprette kontakt til rett person. Vi skal alltid ha klart for oss at vi er bedrifta sitt talerør og andlet ut til omverda.

### **Tilsette ved Telemark Lys AS skal vere varsame ved mottak av gåver.**

Blomar og konfekt kan vere eksempel på noko ein kan ta imot. Gåver av høgare verdi, eller pengegåver som er meint for ein enkeltperson, skal vi avslå.



## Etiske retningslinjer

**Tilsette ved Telemark Lys As kan ikkje gje oppdrag eller ta imot tenester privat, lønna eller ulønna, frå personar som er på tiltak hos oss.**

**Telemark Lys AS er ei bedrift som mottek offentlege tilskotsmidlar og skal bruke representasjonsmidlar på ein forsvarleg måte.**

Vi skal aldri servere alkoholhaldig drikke på bedriftas rekning, korkje til deltakarar, kundar eller tilsette.

**Alle våre økonomiske transaksjonar skal til ei kvar tid tåle dagslys.**